

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 23.05.2017

Fylkesutvalet vedtok samrøystes innstillinga som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Utkast til reviderte «Etske retningsliner for Hordaland fylkeskommune (dato 8.mai 2017)» vert gjort gjeldande som etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune med følgjande endringar:

Punkt 3.3 Ytring og lojalitet vert endra til:

Likevel er det slik at for tilsette i sentrale leiarstillingar og for tilsette som har ei sentral rolle i aktuell saksbehandling, vil lojalitetsplikta vere strengare enn for andre tilsette.

Same pkt., siste avsnitt vert endra til:

Dei tillitsvalde og verneomboda står i ei særstilling når det gjeld ytringsfridomen og skal tale medlemmene og dei tilsette si sak. Det skal difor langt meir til før ein tillitsvald eller eit verneombod vert vurdert for brot på lojalitetsplikta.